

«Staten og Den norske kirke – et tydelig skille». Høyringsvar frå Fjaler sokneråd

Innleiing

Kulturdepartementet har sendt ut høyringa «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille». Høyringsfristen er 1. november 2014.

Høyringsdokumentet er sendt ut til ei rekkje høyringsinstansar, men kommunen er ikkje blant dei, noko som vi stillar oss undrande til.

Eit tydeleg skilje er ikkje det som skjer med denne høyringa der verkanden skjer i frå 2017. Eit tydeleg skilje skjer i tilfelle først tidlegast etter år 2020, der stortinget vedtek ei kort rammelov for Den norske kyrkja.

Grunnlovsendingane 21. mai 2012 er bakgrunn for endringane.

«Staten har etter disse endringene ikke lenger en offentlig religion, men landet har en folkekirke som etter Grunnloven § 16 skal understøttes av staten. Staten skal understøtte alle tros- og livssynssamfunn «på lik linje» som det heter i Grunnloven § 16» (frå høyringsdokumentet).

Kulturdepartementet ser for seg ei skrittvis utvikling mot større sjølvstende, då i hovudsak i to «skritt».

«Formålet er å sette kirken i stand til, på eget grunnlag, å ivareta sin oppgave som folkekirke.» (frå høyringsdokumentet).

Skritt (fase) 1. Frå år 2017. Etablere Den norske kyrkja sentralt ved kyrkjemøtet som eige rettssubjekt – (rettsleg handleevne). I 1996 vart soknet eige rettssubjekt. Overføre arbeidsgjevaransvaret for prestenesta (prest , prost og biskop), tilsette ved bispedømekontora og Kyrkjerådet frå staten til dette rettssubjektet.

Vidareføre dagens finansiering med ei deling mellom stat og kommune.

Skritt (fase) 2. Truleg frå år 2020. «Ei kort rammelov» for Den norske kyrkja som ein del av ei ny felles lov for alle trus- og livssynssamfunna. Ny vurdering av finansieringa.

Høyringsvar

Den norske kirkes rettslige handleevne og mynde

Fjaler sokneråd (heretter FS) støttar at det blir oppretta eit rettssubjekt i tillegg til soknet. Eit rettssubjekt som har «rettsleg handleevne» på vegne av kyrkja sitt nasjonale og regionale organ. Eit sokn blei eit rettssubjekt med ny kyrkjelov i 1997 og er grunneininga i Den norske kyrkja. Det er alle sokna som i dag vert assosiert med Den norske kyrkja. Det nye rettssubjektet må difor få eit anna namn enn «Den norske kirke» som her er føreslått. Det bør knytast til det øvste organet og heite «Kirkemøtet». Ei dobbel tyding av Den norske kyrkja som her er føreslått vil skape usikkerheit i folks oppfatning av dei to rettssubjekta som er Den norske kyrkja. I kyrkjelova § 2. «*Rettslig handleevne og kirkelig inndeling*» står det at soknet er grunneininga i Den norske kyrkja. I ledd to bør det kome tydelegare fram at det er to ulike rettssubjekt, det einskilde soknet og Kyrkjemøtet som har rettsleg handleevne på vegne av Den norske kyrkja.

Som tidlegare nemnt er det lagt opp til endring i to fasar. FS meiner at ein i denne første fasen burde drøfta meir oppgåvefordelinga mellom dei ulike nivåa, lokalt, regionalt og sentralt nivå. Sokna blir, med auka samanslåing, større og større og tidlegare høyringar har synt at det er brei semje om at sokna bør få meir ansvar og mynde.

Framlegget frå departementet kan kunne tolkast som om vi vil gå mot ei meir sentraltstyrt kyrkje der sokna får færre oppgåver og mindre mynde. Lovendringa om at «*Bispedømerådet kan også utføre oppgaver som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd eller kirkelig fellesråd*» bør utgreiast meir. Oppgåvefordelinga bør heller gå den andre vegen.

Økonomi

Finansieringa av Den norske kyrkja på soknenivå skal vidareførast slik som i dag, men med ei ny vurdering i samband med at Stortinget seinare skal vedta ei kort rammelov for Den norske kyrkja. FS er glad for at kommunen framleis skal ha hovudansvar for finansieringa av den lokale kyrkja, og er uroa for lokalkyrkja si framtid dersom dette i framtida vil opphøyre ved ei eventuell innføring av medlemsavgift. Dersom kommunane i framtida ikkje lenger skal ha finansieringsansvar for kyrkja på kommunenivå, er FS redd for at Norge ikkje lenger vil få ei landsdekkjande folkekyrkje som Stortinget ønskjer.

I høyringsdokumentet får vi ikkje tydelege svar på korleis departementet økonomisk vil sikre ei landsdekkjande folkekyrkje, snarare er det peikt på innsparings- og effektiviseringsgevinst.

Det er positivt å sikre ei presteteneste i alle sokna, men rådet saknar ei tilsvarende sikring av ei trusopplæring av alle døypte. Det er særskilt viktig at trusopplæringsreforma som er gjennomført vert vidareført i alle sokna.

Vedkomande å dekkje framtidige pensjonskostnader til tidlegare statstenestemenn, er den kostnaden så usikker og variabel at det i framtida bør vere ein eigen overføringspost, uavhengig av den andre overføringsposten til Den norske kyrkja.

Dersom høyringa sitt framlegg til delegasjon skal gjelde også etter det «endelege» skiljet (reformfase 2 i 2020), er rådet uroa over maktbalansen innan kyrkja, og er uroa for soknet si stilling og økonomi.

Høyringa vektlegg alt for lite at det er det gode og verdfulle arbeidet rundt om i dei ulike sokna som er avgjerande for framtida til Den norske kyrkja.

Rekneskapsreglar og momskompensasjon

FS tykkjer at det er avgjerande viktig, også i framtida, at det er kommunen som har hovudansvaret for å finansiere Den norske kyrkja på sokne/fellesråds-nivå. Fellesråda sine rekneskapsreglar byggjer på kommunen sitt regelverk. Dei fleste kommunane fører fellesråda sine rekneskap og vi ser det som viktig å ha også denne kontakta med kommunen.

Dersom Den norske kyrkja får endra finansiering der kommunen ikkje lenger skal finansiere Den lokale kyrkja, bør det vurderast om ikkje Den norske kyrkja bør ha felles rekneskapsreglar.

Grunngjevinga for dette er rapportering av kyrkjeøkonomi, felles anskaffing av rekneskapsprogram samt rådgjeving.

Ordninga med full momskompensasjon, som sokna har i dag, bør vidareførast.

Prestetenesta - landsdekkjande

Som ein følgje av grunnlovsendinga, er det bra at prestetenesta og verksemda knytt til Kyrkjerådet og bispedømeråda blir skilt ut frå staten slik at dei ikkje lenger blir statleg verksemd.

Det er viktig at det vert lovfesta at det skal vere prest i kvart sokn. Men sidan sokna har ulik storleik er ikkje departementet sitt framlegg til lovtekst der det berre står at «*Hvert sokn skal være betjent av prest....*», dekkjande. Her må det stå kva tenester som soknet har krav på å få dekkja. Sokna har ulik storleik og i svært mange sokn er det ikkje tilstrekkeleg med berre ein prest. Soknet må også vere sikra deltaking ved tilsetjing av prest.

I lys av historia kan det verke fornuftig med «å ta inn en bestemmelse i kirkeloven som verner om prestetjenestens uavhengighet.» Presten har ei særskilt oppgåve å forvalte ord og sakrament i kyrkjelyden. Dette må i tilfelle bli gjort på ein måte som ikkje vidarefører ei todeling av kyrkjelege tilsette, presten og dei andre. Vi må erkjenne at det i fleire år har blitt arbeidd for å samle arbeidsgjevaransvaret for alle lokalkyrkjelege tilsette, då ei todeling på lokalnivået i kyrkja er sett på som konfliktskapande og ikkje samlande. Prestetenesta må inngå som ein integrert del av soknet sitt ansvar – samorganisert.

Arbeidsgjevaransvar.

Det er viktig at endringane som vert vedtekne no, med å overføre arbeidsgjevaransvaret for prestetenesta til Kyrkjerådet, ikkje er til hinder for endring når skiljet mellom staten og kyrkja vert «endeleg». Hovudfokuset dei siste åra, og som har vore tema i dei siste høyringane, er å samle arbeidsgjevaransvaret for dei som arbeidar innan Den norske kyrkja på lokalt nivå. FS meiar at dette er for lite vektlagt i høyringa, og ber om at departementet opnar for prøveordningar på prostnivå.

Departementet overlet til Kyrkjemøtet å bestemme endeleg plassering av arbeidsgjevaransvar for alle kyrkjelege tilsette, samstundes som prestetenesta vert sikra uavhengighet. Dette kan vere med å hindre eit felles arbeidsgjevarnivå så nær soknet som mogeleg. Departementet legg også opp til at soknet kan overlata arbeidsgjevaransvaret til bispedømet, men delegasjonen går ikkje motsett veg.

Klagenemnd

FS skjønar ikkje kvifor tilsette på sentralt nivå i kyrkja skal ha eit eige klageorgan i disiplinærsaker (oppseiing, avskjed og suspensjon) som ingen andre yrkesgrupper innan Den norske kyrkja eller i samfunnet har. Forvaltingslova, offentlegheitslova og arbeidsmiljølova må også gjelde for det nye rettssubjektet, og må gje tilstrekkeleg rettstryggleik også for desse tilsette.